




DEN NORSKE KYRKJA  
Björgvin bispedøme

# Björgvin bispedøme 950 år Seljumannamessa 2018

*Program*



Bispedømerådsleiar Inger Helene Thingvold  
Nordeide og biskop Halvor Nordhaug på Selja.  
FOTO. KARI SYNNØVE MURI



*Bjergvin markerer  
at det er 950 år  
sidan det aller  
første bispesetet  
vart oppretta på  
Selja i 1068.*



Selja kommune

## **Bjergvin bispedøme 950 år Seljumannamessa 2018**

Ansvarleg utgjevar: Bjergvin bispedøme og  
Selja kommune  
Redaksjon: Ragna Sofie Grung Moe  
og Jens Z. Meyer  
Gudstenesteprogram: Jon Inge Sigerland  
og Eli-Johanne Rønnekleiv  
Framsidedfoto: Kari Synnøve Muri  
Førtrykk: dragefjellet.no  
Trykk: Grøset



**DEN NORSKE KIRKJA**  
Bjergvin bispedøme



Trykk: GRØSET™

**M**ot og framtidsvon måtte nok til for å lukkast ute på den sagnomsuste helgenøya. Mot og framtidsvon er framleis viktige ingrediensar i det å vere ei moderne kyrkje, for moderne menneske i 2018.

Det kan blåse friskt kring masta til den norske kyrkja, meiningar brytest og reformer og endringar krev tilpassing. Likevel er kyrkja i Bjergvin sitt oppdrag i dag henta frå det same mandatet som låg til grunn for 950 år sidan: I Matteus-evangeliets 28. kapittel seier Jesus: «*Eg har fått all*





# På eigen kjø

*makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står».*

Der ligg Bjørgvin si forankring. Ut frå det kjem visjonen vår: «Saman vil vi ære Den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremje rettferd.»

Nær 1000 år endrar mykje, men det endrar slett ikkje alt. Sigrid Undset

kan ha mykje rett i det ho skriv i «Kristin Lavransdatter»: «Ti sed og skikk forandres meget alt som tiderne lider.... Men menneskets hjerter forandres aldeles intet i alle dager.

Moderne menneskehjarte treng ordet om Kristus og nåden. Ei kyrkje som navigerer etter det, vil vere aktuell for menneske i alle tider. ■

Halvor Nordhaug  
biskop

Inger Helene Thingvold Nordeide  
leiar Bjørgvin bispedømeråd

# Velkommen til Selje

***Selja og Dragseidet er to viktige og sentrale stader i Selje for den norske historia.***

**D**ragseidet er omtalt i Snorres kongesoger. I år 997 skal Olav Tryggvason ha kalla leiarane frå fire fylke hit for å få dei til å gå over til kristendommen. På høgaste punktet på eidet er det sett opp ein bauta; denne staden blir kalla Kongshaugen. I 1913 vart det reist ein steinkross til minne om kristninga i 997.

Frå ei hole i fjellet på den grøne øya Selja ut mot Stadhavet, spring legenda om St. Sunniva. Hit har menneske reist i over 1000 år, for å oppleve Noregs fyrste pilegrimstad, med unike kulturminne frå vikingtid og mellomalder. Folk reiser stadig vestover til Selje for å besøke historia, men også for å bruke naturen, havet og dei flotte surfestrendene våre.

Omlag 1068 e. Kr. oppretta Olav Kyrre eit vestnorsk bispedøme med bispesete på øya Selja. Dei heilage frå Selja var så viktige for den unge Kyrkja i Noreg at Selja alt var blitt eit av dei viktigaste kraftsentra i tidleg norsk kyrkjehistorie.

Selje kommune er i dag ein moderne kommune med eit næringsliv som er langt framme nasjonalt og internasjonalt. Næringslivet er verksamt på mange felt og innanfor mange område, noko som er unikt for ein kommune på ca 3 000 innbyggjarar.

Selje kommune er prega av mindre tettstader med eit rikt kulturliv der innbyggjarane tar tak og er med på å skape gode lokalsamfunn for alle, anten du er ung eller gamal.

Selje kommune, den flotte kommunen med sine djupe historiske røter, sitt ekspansive næringsliv og det rike kulturliv er stolt over å vere vertskap for Bjørgvin bispedøme sitt 950 års jubileum og vi vil ønske alle saman velkomen til Selje helga 7. – 8. juli for å feire historia vår. ■



Stein Robert Osdal  
ordførar i Selje kommune



St. Sunniva-statuen foran Selja prestegard ble reist i 2013 og er laget i hvit marmor av kunstner Arne Mæland. FOTO: OVF/J. HAVRAN

# Gratulerer med en historisk dag på Selja

*I dag er vi så heldige å få være med på en dobbelt markering på den hellige øya Selja.*

**B**jørgvin bispedømme er 950 år, og Kystpilegrimsleia åpnes av H.M. Dronning Sonja.

Selja (senere Bjørgvin) bispedømme var ett av landets tre første bispedømmer, og dekket hele Vestlandet mellom Oslo og Nidaros bispedømmer. Senere ble Stavanger utskilt som et eget bispedømme. Skrinet med lev-

ningene av St. Sunniva på helgenanlegget utenfor helleren skapte bokstavelig talt dette store og viktige bispedømmet. Noen år senere kom klosteranlegget.

I dag er vi alle pilegrimer på Selja. En av de første pilegrimer til Selja var Olav Haraldsson (den senere Hellig Olav). Han gikk i land på Selja i 1015





Riksantikvar Jørn Holme

FOTO: JULIE CHRISTINE KRØVEL/RIKSANTIKVAREN

fra England for å kristne Norge. St. Sunniva og St. Olav kom til å bli de to viktigste helgener i middelalderen. Sagnene om dem var den største kraften til kristningen av landet, og både Selja og Nidaros ble viktige pilegrimsmål. For de som skulle seile helt til Nidaros var Selja et høydepunkt på ferden. Her var også det godt med husrom hos benediktinermunkene.

I jubileumsåret for bispedømmet har Riksantikvaren to viktige markeringer. Klosteranlegget er ferdig restaurert etter 12 års arbeid og 18 millioner kroner, og H.M. Dronningen åpner Kystpilegrimsleia.

Kystpilegrimsleia er et samarbeid mellom de fem fylkeskommunene mellom Rogaland og Trøndelag, de fire bispedømmene i samme område og Riksantikvaren. Helt siden 2011 har det vært arbeidet for å muliggjøre en historisk sjøveis reise mellom Stavanger og Trondheim, med

kollektivtransport, på pakketur og på egen kjø. I dag antar vi at det i middelalderen kom like mange pilegrimer seilende til Nidaros som gående over land. Denne leden er den historiske leden langs kysten, med klostre, kirker, handelssteder og havner til beskyttelse mot vær og vind. Siden 1800-tallet har leia blitt tilført viktige fyr, hvor mange i dag er åpne for allmenheten.

For Riksantikvaren er målet at flere får oppleve kulturminnene langs kysten og bli kjent med historiene knyttet til sjøvegs handel, ferdsel og religiøst liv, uavhengig av å være pilegrim. I tillegg ønsker vi at de gamle

Meditativ vandring på Selja. FOTO: TROND ØIGARDEN



husene blir tatt i bruk til overnatting og servering og at det skal bli mulig å oppleve en seilas i sjøsprøyt eller en rotur på blikkstilte vann i en tradisjonsbåt. De færreste får anledning til å ta hele seilasen. Det er derfor lov å bruke både bil og båt for å komme frem til middelalderens knutepunkter langs kysten.

Kulturminnene langs kysten er også viktige elementer og attraksjoner i reiselivssammenheng. Jeg mener at Kystpilegrimsleia er en av de mest spektakulære «medlemmene» i Europeiske kulturveger. Ingen andre land i Europa kan konkurrere med opplev-

elsene du kan få på en saktereise langs norskekysten.

Denne dagen har jeg ventet på i fire år. Oppstarten på arbeidet med Kystpilegrimsleia ble nettopp markert på Selja i 2014 i nærvær av hele fire biskoper, og nå er leden kongelig åpnet på samme sted.

Alle må besøke Selja. Uten det mister man en viktig del av vår kirke, nasjon og historie. Jeg håper at mange også kan ha Selja som ett av flere mål på en opplevelsereise tilbake til middelalderen langs kysten. ■

Jørn Holme, riksantikvar





# Seljumannamessa

8. juli 2018 kl. 11.30

## **Predikant**

Biskop Halvor Nordhaug

## **Liturg**

Sokneprest i Selje, Eli-Johanne Rønnekleiv

## **Geistlege medverkande**

Biskop i Nidaros Herborg Finnset

Biskop Bernt Eidsvig, Den Katolske kyrkja

Arkimandritt Johannes Johansen,

Den ortodokse kirke i Norge - Hellige Nikolai menighet

Prost i Karmøy Helge Sylfest Gaard, for biskopen i Stavanger

Domprost Olav Gading, for biskopen i Møre

Prostane i Sogn og Fjordane

Prestar og kateket frå Nordfjord og Vanylven

## **Kyrkjetenar**

Doris Ruth Hammersvik

## **Musikalsk leiar**

Organist i Selje, Jon Inge Sigerland

## **Kor**

Bergen domkor og Norges kirkesangforbunds prosjektkor,

dirigent Kjetil Almenning

## **Messingensemble**

Leia av Kent-Eirik Gabriel Olssen

## **Arrangør**

Seljumannamessekomitéen (leiar Roald Halsør), Nordfjord prostiråd,  
Selje sokneråd, Ervik sokneråd, Leikanger sokneråd og Vanylven sokneråd



# SAMLING

## SAMANRINGING

### INNGANGSPROSESJON

medan Bergen Domkor syng *Sunnivahymnen*

### VELKOMSTHELSING

v/ bispedømerådsleiar Inger Helene Thingvold Nordeide

### INNGANGSSALME:

#### Herre Gud, ditt dyre navn og ære



1. Her-re Gud, ditt dyre navn og æ - re o - ver ver-den



høyt i akt skal væ-re, og al - le sje-le, de tret-te træ-le, alt



som har mæ - le, de skal for - tel - le din æ - re.

2. Gud er Gud, om alle land lå øde,  
Gud er Gud, om alle mann var døde.  
Om slekter svimler - blant stjernestimler  
i høye himler utallig vrimler  
Guds grøde.

3. Høye hall og dype dal skal vike,  
jord og himmel falle skal tillike,  
hvert fjell, hver tinde skal brått forsvinne,  
men opp skal rinne, som solen skinne,  
Guds rike!

T: Petter Dass før 1698 O: Gustav Jensen 1909 M: Norsk folketone (Romsdal)

## **INNGANGSORD**

**L:** I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. **A:** Amen.

Legenda fortel at Sunniva og Selje-mennene kom hit til Selja. Knapt tusen år etter Jesu fødsel var den unge Sunniva blitt dronning på Irlands grønne øy. Ho var gudfryktig og vakker. Ein vikingkonge herja landet og ville tvinge henne til ekteskap. Men ho ville ikkje fornekte trua. Difor flykta ho, saman med dei som ville følgje henne. Dei drog - utan segl, årar og ror, og let seg føre - slik Herren ville - av straum og vind over havet. Slik kom dei til Selja. Dei slo seg til her, men folk på fastlandet var usikre på dei framande og meinte at dei var tjuvar. Så sende dei bod til Håkon jarl, og han kom for å ta henne av dage. Sunniva søkte tilflukt under Mikalshellaren og bad om å sleppe unna. Då rasa fjellet ut, og steinane stengde for hola. Jarlen kunne ikkje finne nokon, verken Sunniva eller andre, og måtte fare tomhendt bort. Seinare viste det seg eit underleg lys frå øya. Olav Tryggvason, som var blitt konge, fekk vite det, og kom saman med biskopen til øya i det Herrens år 996. Dei fann Sunniva død, men heil og uskadd. Dei la henne i eit heilagt skrin, og bygde den første kyrkja på Selja. - Slik vart Mikalshellaren til Sunnivahola - 'livmora som fødde kyrkja i Norge' (**A.Bakken**)

## **SAMLINGSBØN**

**L:** Lat oss be. Allmechtige Gud. Vi takkar for dine bodberarar som bar den glade bodskapen hit til Selja, og som vitna om din nåde og makt, og slik gjorde denne staden til ein helga stad. Gje oss auge så vi ser dine spor og øyre så vi høyrer steinane tale. Vi samlast her hav og himmel møtest og ber: Møt oss så vi kan kjenne deg: sterk som stormen, mild som solgangsbrisen, lys som himmelen, djup som havet. Himmelske Far, forny oss og gjer oss til Jesu etterfølgjarar, så vi liknar dine heilage i tru, håp og kjærleik, og når vårt livs mål. Gud vi bed, **A:** Amen.

## **SYNDSVEDKJENNING**

**L:** Vår Herre Jesus Kristus seier: Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bodet. Men det andre er like stort: Du skal elska nesten din som deg sjølv. Lat oss ransaka oss sjølve for Guds andlet og sanna syndene våre.

**A:** Gud, ver meg nådig! Eg har synda mot deg og svikta min neste - med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt. Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

## **LOVNADSORD**

**L:** Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er Herrens miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss.

(**Salme 103,11-12**)

## KYRIE - BØNEROP

Bergen domkor syng *Kyrie av Giovanni Pierluigi da Palestrina.*

## GLORIA – LOVSONG

L:



Æ - re ve - re Gud i det høg - ste!

Alle:



Og fred på jor - da blant men - nes - ke som Gud har gle - de i.



Vi lo - var deg, vi pri - sar deg, vi til - bed deg, vi opp - høg - gjer deg.

Kor:



Vi hyl - lar deg for din sto - re her - leg - dom,



Her - re Gud, him - mels - ke kon - ge, all - mek - ti - ge Fa - der.

Alle:



Vi lo - var deg, vi pri - sar deg, vi til - bed deg, vi opp - høg - gjer deg.

Kor (Menn):



Her - re, Guds ein - bor - ne Son, Je - sus Kris - tus, Guds Lam, som

Kor:





ber all verd - sens syn - der, mis - kun - na deg o - ver oss.

Kor (Kvinner):



Du som sit ved Fa - de - rens høg - re hand, hør vår bøn.





## ORDET

### FØRSTE LESING (vi sit)

Det står skrive i 1. Mosebok:

Herren sa til Abram: "Dra bort frå landet ditt, og frå slekta di og frå farshuset ditt, til det landet som eg skal syna deg! Eg vil gjera deg til eit stort folk.

Eg vil velsigna deg og gjera namnet ditt stort. Du skal bli til velsigning!

Eg vil velsigna dei som velsignar deg, men den som forbannar deg, skal eg forbanna. I deg skal alle slekter på jorda velsignast." Så tok Abram ut,

som Herren hadde sagt han, og Lot drog med han. (1 Mos 12,1-4a)

Slik lyder Herrens ord.

## SALME:

### Lov Kristi velgjerd evig stor



1. Lov Kris-ti vel-gjerd, e-vig stor, Pris han, Guds kyrk-ja, du vår mor!



For han med mar-tyr blod deg klær, Og ska-par seg ein vit-ne-hær.

2. Guds vitne valde gru og gråt  
for frendelag og fysnelåt.  
Dei bøygde seg i trengsler ned  
og bar til fredlaust folk Guds fred.

3. Dei sigla over ville hav,  
dei fann i framandt land si grav,  
men då dei under krossen seig,  
til himmelhallar høgt dei steig.

4. Guds vitne veks i Jesu spor  
som rosa og som lilja gror.  
Dei raudna her i klungerris,  
men blømer no i paradis.

5. Treeinig Gud, deg vere pris  
og lov og takk på alle vis.  
Du Gud, som fager prydnad fær  
frå sigren av din vitnehær!

**T:** Aeterna Christi munera, ukjend norsk diktar 1100-t (Seljumannamessa) **O:** B. Støylen (Salmebok 2008:231)  
**M:** Omkr 1000/Erfurt 1524/Wittenberg 1533 (jfr. NoS 73) \* fysne = lyst og begjær

## ANDRE LESING (vi sit)

*Det står skrevet i brevet til hebreerne:*

*Alle disse fikk godt vitnesbyrd for sin tro, men de oppnådde ikke å få det som var lovet. Gud så for seg noe som er bedre for oss: at de ikke skulle nå fram til fullendelsen uten oss. Derfor, når vi har så stor en sky av vitner omkring oss, så la oss legge av alt som tynger, og synden som så lett fanger oss inn, og med utholdenhet fullføre det løpet som ligger foran oss, med blikket festet på ham som er troens opphavsmann og fullender, Jesus. For å få den gleden han hadde i vente, holdt han ut på korset uten å bry seg om skammen, og nå har han satt seg på høyre side av Guds trone. Ja, tenk på ham som holdt ut en slik motstand fra syndere, så dere ikke blir trette og motløse. (Hebr 11,39-12,3) Slik lyder Herrens ord.*

## EVANGELIELESING (vi reiser oss)

Hallelujavers (M: T.Kverno) A: (Koret syng verset 2 gonger, først åleine, deretter saman med kyrkjelyden.)

The image shows two staves of musical notation for the hymn 'Hallelujavers'. The first staff contains the melody for the first line of the hymn: 'Ha - le - lu - - ja, ha - le - lu - ja,'. The second staff contains the melody for the second line: 'ha - le - - - lu - - - - ja.' The music is written in a treble clef with a key signature of two flats (B-flat and E-flat) and a common time signature (C). The notes are simple, mostly quarter and half notes, with some rests.

### Evangelielesing:

Dette heilage evangeliet står skrive hos evangelisten Lukas i det 5. kapitlet:

Ein gong stod Jesus nede ved Gennesaretsjøen, og folket trengde seg om han for å høyra Guds ord. Då fekk han sjå to båtar som låg ved stranda. Fiskarane hadde stige ut av dei og heldt på å skylja garna. Jesus steig ut i ein av båtane, den som hørde Simon til, og bad han leggja litt ut frå land. Så sette han seg og underviste folket frå båten.

Då han hadde tala ferdig, sa han til Simon:

"Legg ut på djupet og set garna, så de kan få fisk." "Meister," svara Simon, "vi har streva i heile natt og ingenting fått.

Men på ditt ord vil eg setja garna." Så gjorde dei det, og då stengde dei slik ei mengd med fisk at garna heldt på å rivna.

Dei gav teikn til arbeidslaget i den andre båten at dei skulle koma og ta i med dei. Og då dei kom, fylte dei begge båtane, så det var nære på dei sokk. Då Simon Peter såg det, kasta han seg ned for Jesu føter og sa: "Gå frå meg, Herre!

Eg er ein syndig mann." For både han og alle som var med han, vart fulle av otte og undring over fiskefangsten dei hadde fått.

Like eins var det med Jakob og Johannes, sønene til Sebedeus, som fiska saman med Simon. Men Jesus sa til Simon:

"Ver ikkje redd! Heretter skal du fanga menneske!"

Så rodde dei båtane i land, gjekk frå alt og følgde han.

(Lukas 5,1-11)

*Slik lyder det heilage evangeliet.*

Hallelujavers (M: T.Kverno) A: (Koret syng verset 2 gonger, først åleine, deretter saman med kyrkjelyden.)



## PREIKE

v/ biskop Halvor Nordhaug

### TRUVEDKJENNING

**L:** Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

**A:** Vi trur på èn Gud, den allmechtige Far, som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.

Vi trur på èn Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys, sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen.

Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen, og ved Den Heilage Ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, stod opp tredje dagen etter Skriftene og før opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom for å døma levande og døde, og hans rike skal vera utan ende. Vi trur på Den Heilage Ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala gjennom profetane.

Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.

Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda. Amen.

**(Den nikenske truedkjeninga)**



## SALME:

### Guds kirkes grunnvoll ene

1. Guds kir - kes grunn - voll e - ne er Her - ren Je - sus  
Krist. Ved ord og vann a - le - ne hun er hans verk for  
visst. I kjær - lig - het han dø - de og vant en hel - lig brud, med  
fryd får hun ham mø - te i rett - ferds re - ne skrud.

2. Valgt ut fra hver en stamme forent i felles håp,  
hun roper ut det samme: " Òn Herre, tro og dåp!"  
Et hellig navn hun nevner, hun bryter samme brød,  
og mot et mål hun stevner, tent av den samme glød.

3. Selv om hun her må bære forakt for sine sår,  
når hun i liv og lære for verden splittet står,  
skal helgenropet stige: "Er tiden ennå lang?"  
Og kveldens gråt skal vike for gledens morgensang.

4. Midt i sin nød og trengsel, i fare og i strid,  
hun skuer i sin lengsel: Guds fred til evig tid,  
når hun med jubel eier det som hun håpet her,  
når kirken vinner seier og får sin hvile der.

5. Så er hun alt her nede forent med Gud og dem  
som står for ham med glede og alt er kommet frem.  
Hør deres jubel tone! Å Herre, hjelp at vi  
får synge for din trone med dem til evig tid!

# FORBØN

**F:** Vi bed om velsigning.

**L:** Velsigna vere ditt rike, Fader, Son og Heilag Ande, no og alltid og i all æve.

**A:**



**F:** Lat oss be i fred til Herren.

**A:**

Her - re mis-kun-na oss.



**F:** Om fred frå det høge og frelse for vår sjel, lat oss be til Herren.

**A:** Herre, miskunna oss.

**F:** Om fred i heile verda, om samhald i Guds heilage kyrkje, og om einskap av alle, lat oss be til Herren.

**A:** Herre, miskunna oss.

**F:** For denne heilage staden og for dei som kjem hit med tru, vørndnad og gudsfrykt, lat oss be til Herren.

**A:** Herre, miskunna oss.

**F:** For heile Guds folk, for alle tenarane i kyrkja vår, for prestane våre og for biskopen vår, lat oss be til Herren.

**A:** Herre, miskunna oss.

**F:** For denne øya og for alle land og stader, og for dei truande som bur der, lat oss be til Herren.

**A:** Herre, miskunna oss.

**F:** Om tenleg vør, om rikeleg grøde på jorda og om fredelege tider, lat oss be til Herren.

**A:** Herre, miskunna oss.

**F:** For dei som ferdast til sjøs, på land og i lufta, for dei sjuke og for dei som lid, for fangar og deira frelse, lat oss be til Herren.

**A:** Herre, miskunna oss.

**F:** At vi må verta fridde frå all trengsle, vreide, naud og fare, lat oss be til Herren.

**A:** Herre, miskunna oss.


**F:** Hjelp oss, frels oss, miskunna oss og verna oss, Herre, i din nåde.

**A:** Herre, miskunna oss.

**F:** Lat oss koma i hug dei som var trugne heilt til døden, så vi overgjev oss sjølve og kvarandre og livet vårt til Herren Jesus Kristus.

**A:**


Ja, til deg, vår Her - re.



**L:** For sigeren, æra og makta tilhører deg, Fader, Son og Heilag Ande, no og alltid og i all æve.

**A:**

A - men





# NATTVERD

**FØREBUING AV MÅLTIDET** Nattverdgåvene blir borne fram.

**TAKKOFFER** til Seljumannamessa blir teke opp under salmen.

## SALME:

### Sjå, den som bur i livd hjå Gud

1. Sjå den som bur i livd hjå Gud,  
un - der Guds, Den høg - - - stes vern, han  
sei - er "Gud du er mi von, mi  
livd mi borg mi til - - - - flukt."

2. Han dekkjer deg med vengen sin,  
Herrens veng vil gje deg livd.  
Hans truskap er ditt skjold, ditt vern,  
og aldri skal du ottast.

3. Om tusen fell ved sida di,  
tusen ved di høgre hand,  
er enno Gud ditt skjold, ditt vern,  
og inkje vondt skal nå deg.

4. Til englar gjev han bod om deg,  
byd dei vara all din veg.  
På hender skal dei bera deg,  
din fot skal ikkje støytast.

5. "Eg bergar den som lit på meg,  
den som kjennest ved mitt namn.  
Eg svarar han i naud og trong  
og let han sjå mi frelse."

T: John Bell 1993 O: Hans Johan Sagrusten 2000 M: Folketone frå South Uist, Hebridene

## TAKKOFFERBØN

**L:** Velsigna er du, Gud. Di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Sameina di kyrkje av alle folkeslag og tungemål. Liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

# NATTVERDLOVPRISING (EUKARISTIBØN)


## Helsing (Sursum corda)



L: Her - ren ve - re med dykk. A: Og med deg ve - re Her - ren.



L: Lyft dyk - kar hjar - te. A: Vi lyf - ter vå - re hjar - te til Her - ren,



L: Lat oss tak - ke Her - ren, vår Gud. A: Det er ver - dig og rett.

## Innleiande lovprising (Prefasjon)

**L:** Vi lovprisar deg, evige Gud, for at du har fylt skaparverket med lys og liv og lek. Fugl og fisk og dyr, ja, alt som lever ropar ut din underfulle vilje. Sol og stjerner, hav og himmel viser at du er nær. Havbåra som bryt fortel om di sterke makt. Du har skapt oss menneske i ditt eige bilete og gjeve oss paradisetts gleder. Ein song syng gjennom alt det skapte, til di ære.

Saman med ditt skaparverk, med englane og di kyrkje i himmelen og på jorda vil vi syngje med jubel og lovsong:

## Heilag, heilag, heilag (Sanctus)



Hei - lag, hei - lag, hei - lag er Her - ren Se - ba - ot. All



jor - da er full av din her - leg - dom. Ho - si - an - na i det



høg - ste. Vel - sig - na ve - re han som kjem, i



Her - rens namn. Ho - si - an - na i det høg - ste.

## Nattverdbøn

L: Vi prisar deg, heilage Gud, Skapar av himmel og jord, du som har elska verda og gjeve Son din, Jesus Kristus, for at han skulle frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilagt folk. Vi bed deg: Send din Ande over oss og dine gåver, så vi i tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

## Innstiftingsorda (Verba)

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av den, så gjer det til minne om meg.

Nådige Gud, til minne om Son din, han som leid og døydde for oss, feirar vi med glede og takk dette måltidet i trua på hans sigerrike oppstode og himmelfart medan vi ventar på at han kjem att i herlegdom.

Vi bed deg: Fyll oss med din kjærleik, så vi kan kjenna att Kristus i den som svelt og tørstar. Lær oss å elska kvarandre som du har elska oss, og lat oss ein gong samlast hos deg i ditt fullkomne rike.

## Herrens bøn



Fa-der Vår, du som er i him-me-len! Lat nam - net ditt hel - gast.  
Lat ri-ket ditt ko-ma. Lat vil-jen din rå-da på jor-da så som i him-me-len.  
Gjev oss i dag vårt dag - le - ge brød. For - lat oss vår skuld, som  
vi og for - lèt vå - re skuld - menn Før oss ik - kje ut i  
freis - ting, men frels oss frå det von - de. For ri - ket er ditt,  
og mak-ta og æ - ra i all æ - ve. A - - - - men.

## FREDSHELING


**L:** Guds fred vere med dykk.

**A:** Guds fred vere med deg.

**L:** Lat oss helse kvarandre med eit teikn på fred.

(Den som vil, helsar dei næraste rundt seg med: Guds fred, eller: Fred vere med deg.)

## Du Guds lam (Agnus Dei)



Du Guds Lam, som ber all verd-sens syn-der, mis-kun-na deg ov-er oss.



Du Guds Lam, som ber all verd-sens syn-der, mis-kun-na deg ov-er oss.



Du Guds Lam, som ber all verd-sens syn-der, gjev oss din fred.

## Seks utdelingsstader.

Vi tek i mot brødet og dyppar det i vinen (intinksjon).

Under utdelinga syng Bergen Domkor:

*Hvor går du, o menneske», folketone frå Selje, arr. Rolf Stewart  
og Agnus Dei av Giovanni Pierluigi da Palestrina*

## Etter utdelinga:

**L:** Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet. Fred vere med dykk.

## TAKKEKOLLEKT

**L:** Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.

Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

**A:** Amen.

## SALME:

### Deg å få skode er sæla å nå



1. Deg å få sko-de er sæ-la å nå, Gud, ver det syn som mitt  
hjar-ta vil sjå, ver du for tan-ken min dy - ras - te skatt,  
ljo - set som strå - lar ved dag og ved natt! (5)A. - men

2. Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,  
tal du det levande ord med di røyst!  
Far, lat meg vere barn her hjå deg.  
Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!

3. Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;  
ver du det merket som syner mitt verd,  
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;  
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!

4. Rikdom og ære som menneske gjev,  
er ikkje meir enn den morknande vev.  
Du er min arv som varer til sist,  
himmelske konge, det veit eg for visst!

5. Konge i æva å lat du meg då  
sigrande inn i ditt rike få gå!  
Ver du mi tru, den vona eg ber  
til eg får skode din herlegdom der. Amen




# SENDING

## VELSIGNINGA

L: Lat oss prisa Herren.

A:




L: Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

A:



3 x 3 bøneslag med kyrkjeklokka

## UTSENDING

Messingkvintetten spelar:

***Song til Stad av Birger Meland***

## UTGANG

Bergen Domkor syng:

***Sunnivahymnen***

# Selja - der kyrkja i Noreg vart fødd

FOTO: KARI STYNNØVE MURI



## ***Det var Olav Kyrre som på 1000-talet oppretta dei første bispeseta i Noreg.***

**B**ispesetet på Selja var vestnorsk og dekkka Gulatingsområdet. I Frostatingsområdet låg det trøndeske/nordnorske bispedømet med sete i Nidaros. Litt seinare kom eit austnorsk (Borga- og Eidsivatingsområdet) til med sete i Oslo. Det må ha vore viktig å få knytt helgenane frå Selja til det vestnorske bispedømet, slik St. Olav og St. Hallvard vart knytt til sine bispedøme. Dette må vera hovudgrunnen til at den vestnorske biskopen sitt sete vart lagt til Selja.

Vi veit ikkje nøyaktig når det vestnorske bispedømet vart oppretta, anna enn at det i følgje sagaen skal ha skjedd i kong Olav si styringstid (1067-93). Etter at Harald Hardråde i 1066 fall ved Stamford Bridge overvintra sonen Olav på Orknøyane før han i 1067 vende heim og vart teken til konge på landsdelstinga. Først etter dette kunne han ta til med det organisatoriske arbeidet som etablering av bispedømer var. Dessutan drog Bjarnhard, som skulle bli den første vestnorske biskopen, på sendeferd til Roma for Olav før han overtok bispedømet. Reisa tok også tid. Dermed er 1068 det første av dei tenkjelege grunnleggingsåra, sjølv om alle år fram til 1093 teoretisk kan vera like rette. Likevel er det mest sannsynleg at kongen har sett i gang arbeidet relativt tidleg i styringstida si.

Det er nok slik det også vart argumentert for 50 år sidan, då 900-årsjubileet skulle feirast. Då vart bispedømejubileet lagt til 1968 for å skilja det frå Bergens 900-årsjubileum i 1970, sjølv om grunnleggingsåret for byen er like usikkert som for bispedømet. Ein kan altså vera merksam på at det som blir feira meir er minnet om prosessen enn sjølve årstalet.

Olav Kyrre synest også å ha tenkt Bergen som bispesete, kanskje parallelt med Selja. I følgje sagaen fullførte han ei provisorisk domkyrkje i Bergen (Vesle Kristkyrkja), og frå slutten av 1000-talet av synest den vestnorske biskopen å ha teke fast sete i Bergen. Olav Kyrre byrja der dessutan oppføringa av ei større domkyrkje (Store Kristkyrkja). Denne katedralen kom på 11- og 1200-talet til å bli norsk kroningskyrkje og kongeleg bryllaups- og gravkyrkje.

I 1170 vart relikviane av St. Sunniva henta frå Selja og skrinsett over høgaltaret i katedralen (Sunniva-relikviane sin translasjon). Difor kan Bergen i 2020 ikkje berre markera 950-årsjubileum, men også 850-årsjubileet for overføringa (translasjonen) av St. Sunniva-relikviane til Bergen. ■

Førsteamanuensis Alf Tore Hommedal,  
Universitetsmuséet i Bergen

---

Björgvin bispedøme dekkjer i dag heile Hordaland og Sogn og Fjordane («Vestland fylke») med 182 sokn i 59 kommunar. Kyrkja i Björgvin samlar også i vår tid menneske i alle bygder og byar i glede og sorg, i helg og kvardag for å møta kvarandre og æra Den treeinige Gud.

*Konserveringshistorikk:*

# Selje kloster og helgenanlegg

***Etter reformasjonen var ikke lengre klosteranlegget med Albanuskirken, Sunnivakirken og Mikaelshelligdommen i bruk, men forfallet startet lenge før dette.***

**A**llerede på 1300-tallet ble anlegget rammet av flere ulykker; den store brannen i 1305, svartedauden i 1348-49, mye uro blant munkene på 1400-tallet. Etter reformasjonen gikk både klostergods og munkefelleskapet deretter mer eller mindre i oppløsning, og det fysiske forfallet satte inn. Steinmaterialet, som er at utmerket kvalitet, ble delvis brutt ut og eksportert også ut av landet.

Når vi i dag ser klosteranlegget, er det for en stor del gjenoppbygget og/

eller kraftig restaurert. Men tårnet, som måler ca 14 meter, har stått med sin fulle høyde hele tiden.

## **Restaurering på 1900-tallet**

På begynnelsen av 1900-tallet ble det satt i gang restaureringsarbeider på klosteret. Hele anlegget med Albanuskirken, klosterfirkanten, helgenanlegget, Sunnivakirken, Mikaelshelligdommen, den indre klostermuren og flere enkeltbygninger ble satt i stand. Bevaringsfilosofien den gangen var å

Bilder fra restaureringsarbeidet i 1912. Terrassene var da bare en steinhaug.

FOTO: RIKSANTIKVAREN





Anlegget gjenoppbygges, stein for stein.

FOTO:RIKSANTIKVAREN

utført istandsetting som nødsarbeid, og senest på 1980-tallet ble det gjort mindre reparasjoner.

### Riksantikvarens ruinprosjekt

Selje kloster og helgenanlegg har vært et av de høyest prioriterte anleggene i Riksantikvarens ruinprosjekt. Arbeidene startet i 2006 og vi regner med at de fortsetter også ut over programperioden (avsluttes 2020). Hovedinnsatsen er lagt i utskifting av sementfuger med kalkmørtel. Løse steiner er festet og partier med manglende fuger og stein er komplettert. Det er utført større murarbeid i tårnet, og trappen opp til helgenanlegget er satt i stand. Murarbeidene følges opp av arkeolog, bygningsarkeolog og geolog. ■

Inger-Marie Aicher Olsrud

bevare eksisterende ruiner samtidig som man valgte å bygge opp store deler av anlegget. Ikke til full høyde, men slik at man kunne 'se hva det var'.

Det kanskje største inngrepet omfattet terrassene nedenfor Sunniva-kirken. Som vi ser av bildene var disse tilnærmet 'helt nede'. Ved restaureringen ble de bygget opp slik at de igjen kan beskrives som *'det største manneverk i norderlanda'* (Snorre).

Etter denne store restaureringen tidlig på 1900-tallet ble det utført sporadiske reparasjoner samt noen større tiltak. På 1930-tallet ble det


Klosteret på Selja, slik det fremstår i dag.

FOTO:TROND ØIGARDEN





# Kystpilegrimsleia



*Kystleia har vore den viktigaste transportåra gjennom fleire tusen år. Leia vart òg brukt av tallause pilegrimmar som skulle til Nidaros. Det var raskare og tryggare å ferdast på sjøen enn på landjorda.*

**D**ette har påverka landskap og busetnad, og ført til oppretting av blant anna handelsstadar, byar, kyrkjer, kloster og fiskevær. Bruken av sjøvegen og landskapet langs kysten har gjennom fleire tusen år forma nokre av våre mest unike kulturlandsskap.

## Prosjekt Kystpilegrimsleia

Den norske Pilegrimsleden vart opna av H.K.H Kronprins Haakon i 1997. Det var Miljøverndepartementet ved statsråd Torbjørn Berntsen som tok initiativet til eit samarbeid mellom Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet) og Riksantikvaren om å leggja til rette for ferdsle og formidling av natur og kultur langs ein samanhengande turveg mellom Oslo og Trondheim. Seinare kom også Den norske kyrkja inn, og la vekt på det andeleg synspunktet i samarbeidet. Nidaros var det viktigaste pilegrims-målet i Nord-Europa fram til refor-

masjonen i 1537 og mange reiste der på pilegrimsferd både over land og sjø.

## Pilegrimsruta til Nidaros

Leia langs norskekysten var ei av dei viktigaste og kanskje mest brukte pilegrimsrutene til Nidaros, og er nemnt i skriftlege kjelder alt på slutten av 1000-talet. Både norske og utanlandske pilegrimer valfarta her – anten for å reise heile vegen til Nidaros eller for å besøke nokre av dei lokale pilegrimsmåla.

## Fylkeskommunalt samarbeid

I 2012 vart det etter initiativ frå Stavanger bispedøme sett i gang samarbeid mellom dei fem fylkeskommunane frå Rogaland til Sør-Trøndelag og bispedøma i same område. Målet var at det skulle bli lettare å reise langs kysten både med kollektivtransport, privatbåt og på pakketur og oppleve heilagstadar og andre kulturminne.



Styreleiar i Kystpilegrimsleia Marita Aarvik (t.v.) og sokneprest Eli-Johanne Rønnekleiv med ei kiste med pilegrimsbønner som vart frakta med R/S Risør II frå kvar av nøkkelstadane undervegs mot Nidaros. FOTO: SIRI KOLSETH

I tillegg ønskjer Riksantikvaren at fleire kulturminne blir tekne i bruk til næringsverksemd slik at dei kan opplevast av fleire og skape tilleggsinntekt til eigarar som må halde dei ved like.

### **Kulturlandskap og kulturminne**

Riksantikvaren har frå 2014 finansiert prosjektet økonomisk. Det er viktig å gje høve til å oppleve både kulturlandskap og kulturminne. Dette kan vere overnatting i naust og buer, utleige av tradisjonsbåtar, samarbeid med dei frivillige kulturvernorganisasjonane på kysten og formidling av historia bak kulturminna. Fylkeskommunane er sentrale i prosjektet fordi dei ulike

Cultural route  
of the Council of Europe  
Itinéraire culturel  
du Conseil de l'Europe

COUNCIL OF EUROPE



CONSEIL DE L'EUROPE

avdelingane er i posisjon til å sjå reiseliv, næringsutvikling, friluftsliv, folkehelse og kulturminnevern i samanheng. Fylkeskommunen har brukt sine verkemiddel til å gå inn i arbeidet og vil kunne halde fram med å utvikle innhaldet i Kystpilegrimsleia ut over prosjektperioden. Nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim vil kunne ta ansvaret for Kystpilegrimsleia når det ligg føre ny pilegrimsstrategi og dei får fleire ressursar. ■

# En kulturarv i havgapet

***Opplysningsvesenets fond eier en stor mengde kulturminner knyttet til vår kulturarv. Blant disse fremstår klosteruinene på Selja som unike på grunn av sin helt spesielle historie og beliggenhet.***

I tiden rundt reformasjonen ble benediktinerklosteret på Selja nedlagt, og det skulle få langtreckende betydning. Munkene forsvant, bispestetet ble flyttet til Bergen og prestegården på Selja ble flyttet til fastlandet. I 1545 bestemte den meget protestantiske kong Christian den 3. at klosteret med sine gressganger skulle gis til St. Jørgens hospital i Bergen. Slik var forholdene i 260 år, fram til 1805. Da ble det auksjon og både klosterruiner og jordarealer gikk under hammeren.

## **Beite og gressganger**

De gode beitearealene som prestegården fra gammelt av hadde tilgang til på øya stod i fare ved dette salget. I tillegg stod presteembete tomt i 1805. Dette var forhold som gjorde at presten gjennom prosten sendte en klage til danskekongen. De fikk medhold og salget ble tilbakekalt og ikke realisert.

## **Kongelig makt**

Danskekongen Christian den 7. slo fast at den delen av øya som hospitalet tidligere hadde eid skulle tilhøre Selje prestegård fremover. På denne «kongelige» måten kom eierskapet innunder det som senere fikk navnet vi kjenner; Opplysningsvesenets fond.

Bildet til høyre viser brevet fra kong Christian 3. fra mars 1807 der Selje prestebol får den halvdelen av øya Selja som inntil da hadde vært i eiga til St. Jørgens hospital i Bergen. Brevet eller rescriptet, som er et uttrykk for kongelig befalinger ved særskilte saker, innleder med:

*Os Elskelige højædle og Velbyrdige Johan Randulf Bull, Vores Stiftamtmand over Bergens Stift, og Velædle og Velærværdige hr Johan Nordal Brun Vor biskop over bemeldte Bergens Stift.H.E. ■*

Kilde : Jo Rune Ugulen. Eieendomretten til klosteruinene på Selje, OVF 2007

**FAKTA:** Opplysningsvesenets fond (OVF) er et norsk selvstendig rettssubjekt, som eier de eiendommer og den finanskapital det består av. Fondet er en stor grunneier og er blant annet eier av mange prestegårder, presteboliger, feste-tomter og store skogarealer. Da fondet ble etablert i 1821 for å ta hånd om eien-domsgodset knyttet til prestene fikk fondet navnet Opplysningsvesenets fond. Navnet henspeiler på den store oppgave prestene og kirken hadde med det første skolevesenet, som ble etablert i forbindelse med konfirmasjonen.

Opplysningsvesenets fond skal ifølge lov om Opplysningsvesenets fond § 2 komme Den norske kirke til gode i samsvar med Grunnloven § 116. Det er Riksantikvaren som forvalter middelalderuinene.



FOTO: JO RUNE UGULEN

# Opning av Kystpilegrimsleia

**Etter gudstenesta vil  
H.M. Dronning Sonja  
opna Kystpilegrimsleia  
i Klostersvågen.**

**T**o kyrkjebåtar frå Nordfjord blir med på jubileet. Båten frå Lote, ein femkeiping, var i bruk frå han var ny ein gong før 1880 fram til siste krig. Då han seinare vart restaurert og rodd til Bergen, fekk han namnet Sta Sunniva. Båten frå Sølberg i Stryn fekk namnet «Rols Sølberg» etter mannen som grunnla garden Sølberg.

Det er eigarane på dei seks Sølbergsbruka som blir mannskap under feiringa, medan eit samansett lag frå



Hennar Majestet Dronninga vil opne Kystpilegrimsleia i Klostersvågen. FOTO: J. GOMNÆS/DET KONGELIGE HOFF

Gloppen ror «Lots-kjerkjen». Fleire av dei har rodd til Bergen. ■

To gamle kyrkjebåtar blir med på jubileet. FOTO: OLAV JAKOB TVEIT





# Bøner for pilegrimar

Herre, du er mi øy i havet,  
eg byggjer reir i di favn  
Du er stilla på havet, eg kviler i den freden  
Du er bylgjene over rullesteinane på stranda  
Lyden er min salme  
Du er fuglane sin song  
Eg vil syngje deira melodi  
Du er sjøen som bryt på klippen  
Eg prisar deg i dragsuget  
Du er havet som omgjev mitt liv  
Eg kviler i deg

*Ray Simpson fra Open gates  
Omsett til norsk av Knut Magne Nesse*

## Bøn frå Selja

Takk, Gud, for dei som ein gong kom hit til kysten vår  
og spreidde den gode budskapet om deg, vår Far og Frelsar.  
Takk for at dei kan vera føredøme også  
for oss som lever i dag.

Gjev at den trua som vart planta her hos oss,  
framleis må pulsera i oss og utvida vårt hjartelag for dei som no  
søkjer seg hit og treng vårt vern.

Gjer oss audmjuke nok til å få auga på og verdsetja det gode våre  
gjester, pilegrimar og innvandrarar kan gje oss, så vi saman kan  
veksa djupare inn i tru og tillit til deg.

Allmechtige Gud, vi bed deg for oss og alle som kjem hit til Selja,  
at den vegen vi finn for våre liv må vera ein veg mot deg og ditt lys –  
Jesus Kristus, du som er lyset for verda.

*Bøn til opninga av kystpilegrimsleia, juni 2018,  
av Kari Leine Balog*

# SELJE KLOSTER-RUINER.

OVERSIKTSPLAN

M:1:200.

OPMÅLT ETTER  
UNDERØKELSER

1935 - 1940.

*Bull-Haugen*

- A · SUNNLA HOLEN
- B · SALEN
- C · SUNNLA KIRKEN
- D · TERRASSEN
- E · STIEN
- F · KIRKEÅNDEN
- G · KLOSTERETS KIRKE
- H · — · — · HÅBE
- I · — · — · ØSTFLÅS
- K · — · — · SØSTFLÅS
- L · — · — · VESTFLÅS
- M · TERRASSE
- N · BAKERET



# TAKK

H.M. Dronning Sonja


Riksantikvaren  
Opplysningsvesenets fond  
Kystpilegrimsleia  
Seljumannamessekomitéen  
Bergen domkor  
Norges kirkesangforbunds prosjektkor  
Kyrkjebåtane «Sta Sunniva» og «Rols Sølberg»

## ***Samarbeidspartnarar:***

Vener av Selja kloster  
Selje idrettslag  
Selje sanitetslag  
Samfunnshusets vener

## ***Bidragstatarar:***

Stadpipe AS  
Uniformpartner AS  
Saga Boats AS  
Ervik Havfiske AS  
Sparebanken Vest



## DEN NORSKE KYRKJA

### **Bjørgvin bispedøme 950 år**

Omlag 1068 e. Kr. oppretta Olav Kyrre  
eit vestnorsk bispedøme med bispesete  
på øya Selja i Selje kommune

*Illustrasjon: Mary Lorraine McHugh 2018*

